

**Teater Vestland sine tekniske spesifikasjonar til turneen  
«Vestlandet» i veke 14-18**

**Alle spesifikasjonane nedanfor må vere oppfylte for å søkje.**

**Krav til scene:**

Sceneopning må vere minimum 6 meter i bredde og djupne på scena må vere 5 meter. Takhøgda på scena må vere minimum 3,5 meter (Sceneopninga kan vere noko lågare). Av sikkerheitsomsyn treng vi at trekk og trosser i tak er tømt og sikra forsvarleg. Vi nyttar ingen trekk ved framsyninga.

Scena skal vere rydda (tømt) før teateret startar innrigg.

Alle golvflater der teateret sine tilsette og publikum nyttar må vere reine (vaska).

Stolar til publikum skal stå framme når teateret kjem – minimum 100 stolar

Straumuttak: Vi treng 2 stk. 16A.

Kontaktpersonen som er til stades må ha nøkkel til eventuelle EL-skap.

**Lyd og lys**

Vi kjem med eigne lys- og lydkontrollflater og teknikarar. Vi treng eit areal på om lag 1,5m x 1m til desse i god arbeidshøgd på mikseposisjon. Spelestaden må rydde unna eige utstyr slik at det er klart til opplegg.

**Garderobar**

Det må vere 2 garderobar til skodespelarane med bord og stol. Det er ønskjeleg at garderobane har tilgang til scena utanom publikumsarealet. Det må vere tilgang til toalett som berre skal nyttast av Teater Vestland sine tilsette. Garderobane og toaletta skal vere grundig vaska og oppvarma før vi kjem.

I tillegg ønskjer teateret tilgang til eit eige oppholdsrom ved scena (eller i huset), til skodespelar og teknikk. Dette rommet må vere tilgjengeleg og oppvarma ved ankomst for teknikarane.

**Parkering**

Der må vere mogleg å parkere ein lastebil og ein personbil

Innlessingsvegen må vere rydda og fri for hinder slik at teateret kjem lett til med turnébilane. Ved snøføre må det vere måka.

**Berehjelp**

Vi treng 2 stk. berehjelp ved innrigg og utrigg. Det er ønskjeleg at det er dei same personane som er berehjelp både på inn- og utrigg. Berehjelpene må vere over 18 år og meistre norsk eller engelsk. Om dette ikkje er mogeleg å skaffe, så kan vi bruke yngre personar, men ikkje under 16 år og då må det vere ein voksen person som har ansvar for desse. Vi reknar med at det tar ca. 3t totalt på inn- og utbering. Tunge løft må pårekna.

**Arrangør/huseigar**

Ein person frå arrangør/huseigar må vere til stades ved oppmøte og vere tilgjengeleg ved opprigg, under framsyning og ved nedrigg (vaktmeister eller liknande).

Der må vere minimum 2 personar frå arrangør tilstade for billettsal, billettscanning, brannvakta. Oppmøte for desse er minimum 1 time før framsyningsstart.

Teknisk raider vert sendt til bygdehuset 3 veker før framsyning.

**Anna**

NB! Det må ikkje vere noko anna aktivitet i andre deler av salen eller i rom som ligger vegg i vegg med spelelokalet som kan lage støy under framsyninga, som til dømes vektløftarrom.

**Kontakt**

Kontakt prosjektkoordinator: [ane@teatervestland.no](mailto:ane@teatervestland.no) om du ikkje er sikker på om lokalet kvalifisera til å søkje eller om det er andre spørsmål.